
Fra: Øyvind H Oddekalv
Sendt: torsdag 21. desember 2017 14.18
Til: Randi Helene Hilland
Emne: VS: Forslag til vedtak om retningslinjer for praksis kring hovudmål i grunnskulen

Mvh Øyvind

Fra: Live Havro Bjørnstad [<mailto:live.bjornstad@nm.no>]
Sendt: 7. desember 2017 13:13
Til: Øyvind H Oddekalv
Emne: Forslag til vedtak om retningslinjer for praksis kring hovudmål i grunnskulen

Hei,

og takk for hyggeleg telefonsamtale tidlegare i veka! Eg legg ved ein tekst med grunngjeving for kvifor det kan vera nyttig for kommunen å gje skulane retningslinjer for korleis det at skulen har eit hovudmål kan praktiserast. Fleire av rektorane i kommunen er usikre på kor vidt dei har lov til å tilrå foreldre å velja den målforma som er skulen sitt hovudmål, for borna når dei skal inn i skulen. I vedlegget finn du ei grunngjeving for kvifor me meiner det er rimeleg å gå ut i frå at skulane, med lova i hand, kan og bør gjera nettopp det.

Eit slikt vedtak kan mellom anna gjera det lettare for rektorar å seia ja til å vera med på eit samarbeidsprosjekt mållaget har med nynorskskular i kommunane rundt Bergen. Dette er eit prosjekt som går ut på å sikra at nynorskkrinsane me har i dag skal kunna halda fram med å vera nynorskkrinsar også i framtida, ved å tilrå foreldra til nye fyrsteklassingar å velja nynorsk som hovudmål for borna.

Vonar du har det du treng for å ta saka vidare til formannskapet her? Uansett er det berre å spørja om det er noko meir det kunne vera nyttig for deg å ha tilgang til.

Alt godt og beste helsing
Live Havro Bjørnstad
og Hordaland Mållag

HORDALAND
MÅLLAG

--

Live Havro Bjørnstad
Prosjektmedarbeidar i Hordaland Mållag
live.bjornstad@nm.no
+47 917 53 937